



Arkivnr: 2018/17442-2

Saksbehandlar: David Aasen Sandved, Inger Lena Gåsemyr

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|------------------------------------------------|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 12.02.2019 |

Endring av vedtekter ved Sunnhordland museum - Høyring

Samandrag

I tråd med styret til Sunnhordland museum sitt vedtak frå 05.12.2018 er forslag til nye vedtekter sendt på høyring med frist for uttale 18.02.2018. Det er styret ved Sunnhordland museum som ynskjer ei endring av vedtektene, då fleire av paragrafane vart vurdert som utdaterte og ikkje i samsvar med dagens museumsdrift og museumspolitikk. Saka har vore handsama i fleire styremøte i 2017 og 2018.

Stiftinga Sunnhordland museum har i utgangspunktet to stiftarar som kan uttale seg i saka;

- 1) Sunnhordland folkemuseum og sogelag, som vart nedlagt i 2012 og
- 2) Stiftinga Stord maritime museum.

Styret har i tillegg avgjort å sende høyringsbrevet med forslag til nye vedtekter til Hordaland fylkeskommune, sunnhordlandskommunane og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Dei største endringane i forslag til nye vedtektene er at rådet vert lagt ned og at to medlemmer vert oppnevnt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland og to medlemmer vert foreslått av valnemda.

Fylkesrådmannen ser at det er naudsynt å endre vedtektene til Sunnhordland museum for å styrke dagens museumsdrift. Fylkesrådmannen ingen vidare merknader til forslag til nye vedtekter, då desse er i tråd med regional museumspolitikk.

Økonomi: Ingen verknad

Klima: Ingen verknad

Folkehelse: Ingen verknad

Regional planstrategi: Ingen verknad

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum er i tråd med regional museumspolitikk.
2. Hordaland fylkeskommune tek saka til vitande.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.01.2019

I tråd med styret til Sunnhordland museum sitt vedtak frå 05.12.2018 er forslag til nye vedtekter sendt på høyring med frist for uttale 18.02.2018. Det er styret ved Sunnhordland museum som ynskjer ei endring av vedtektene, då fleire av paragrafane vart vurdert som utdaterte og ikkje i samsvar med dagens museumsdrift og museumspolitik. Saka har vore handsama i fleire styremøte i 2017 og 2018.

Stiftinga Sunnhordland museum har i utgangspunktet to opprettarar som kan uttale seg i saka;

- 1) Sunnhordland folkemuseum og sogelag, som vart nedlagt i 2012 og
- 2) Stiftinga Stord maritime museum.

Styret har i tillegg avgjort å sende høyringsbrevet med forslag til nye vedtekter til Hordaland fylkeskommune, sunnhordlandskommunane og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Prosess for endring av vedtekter

Vedtektsendringar skal etter § 47 i stiftelseslova, så langt råd er, tilpassast det formålet som ein reknar med ligg til grunn for føresegna som skal endrast. Endringa skal difor ikkje gå lenger enn det som er naudsynt. Om det ikkje er opprettarane sjølv som har søkt om vedtektsendring, skal det hentast inn fråsegn frå opprettarar, jf. § 49 i stiftelseslova. Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettarar har fått høve til, innan ein gitt frist, å gje fråsegn. Om det ikkje er råd å henta inn fråsegn frå opprettar, skal stiftelsen forklara kvifor. Det er styret som skal søka om vedtektsendringar. Styreprotokollen må visa at det er fatta styrevedtak om å endra vedtektene, og kva konkrete endringar som er gjort, jf. § 31 i stiftelseslova. Vilkår for vedtektsendring går fram av stiftelseslova § 46. Styret må ha grunngjeving for kvifor vedtektene skal endras på det konkrete punktet. Grunngjevinga må være knytt til minst eitt av vilkåra i § 46 første eller andre ledd:

§ 46 Vilkår for omdanning (stiftelseslova)

Omdanning kan foretas når en bestemmelse i vedtektene eller den rettslige disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen

a) ikke lar seg etterleve, for eksempel fordi stiftelsens kapital er utilstrekkelig til å tilgodese dens formål på en rimelig måte,

b) er åpenbart unyttig,

c) er i strid med hensikten i den disposisjonen som danner grunnlaget for stiftelsen, for eksempel fordi oppretterens forutsetninger for bestemmelsen har sviktet, eller

d) er åpenbart uheldig eller åpenbart ufornuftig.

Dersom bestemmelsen ikke gjelder formålet med stiftelsen, og det ellers må antas at det ved opprettelsen ikke er lagt vesentlig vekt på den, kan omdanning skje når bestemmelsen viser seg å være uheldig eller uhensiktsmessig.

Prosessen endar i nye daterte vedtekter som vert vedtatt av styret.

Fylkesrådmannen sine merknader i saka

Dei største endringane i forslag til nye vedtektene er at rådet vert lagt ned, jf. § 8. *Rådet* i gjeldande vedtekter:

«§ 8. Rådet

Sunnhordland Museum skal ha eit råd samansett av tre medlemmer valde frå Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag, ein medlem frå kvar av dei andre institusjonane som inngår i stiftinga, mein medlem oppnemnd av kvar av dei kommunane som soknar til stiftinga, ein medlem oppnemnd av Høgskulen Stord/Haugesund og ein medlem oppnemnt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland...»

I forslag til nye vedtekter vert det og gjort endringar i høve til styresamansetning, jf. § 6 *Styret*.

Der to medlemmer vert oppnemnt av Samarbeidsrådet for Sunnhordland og to medlemmer vert foreslått av valnemda.

Fylkesrådmannen ser at det er naudsynt å endre vedtektene til Sunnhordland museum for å styrke dagens museumsdrift. Dette gjeld særlig i høve til at Sunnhordland museum og Sogelag vart lagt ned i 2012. Det er elles positivt at Samarbeidsrådet i Sunnhordland vert med i styret, då dette kan få verknad på arbeid med kommunal museumsstrategi, jf. § 6 i forslag til nye vedtekter.

Fylkesrådmannen har ingen vidare merknader til forslag til nye vedtekter, då desse er i tråd med regional museumspolitik.

Forslag til vedtak:

- 1. Hordaland fylkeskommune meiner at forslag til nye vedtekter for Sunnhordland museum er i tråd med regional museumspolitik.*
- 2. Hordaland fylkeskommune tek saka til vitande.*